

STRATEGISK NÆRINGS- OG UTVIKLINGSPLAN

FOR ULVIK HERAD

2019 – 2024





Innhold:

1.	GRUNNLAG FOR ARBEIDET.....	3
1.1.	KVIFOR NY STRATEGISK PLAN	3
1.2.	MANDAT OG PROSESS.	3
1.3.	CITTASLOW	4
1.4.	OVERORDNA VISJON OG VERDIGRUNNLAG.	4
2.	STATUS.....	7
2.1.	GENERELT.	7
2.2.	LANDBRUK.	7
2.3.	REISELIV.	9
2.4.	ANNA NÆRINGSLIV	13
2.5.	NÆRINGSAREAL OG KONTORFASILITETAR.	16
2.6.	ULVIK SOM FRITIDSKOMMUNE.	16
2.7.	ULVIK SOM ATTRAKTIV BUKOMMUNE.	17
3.	BUKOMMUNE – KOMMUNALE TENESTE.....	20
3.2.	KULTUR- OG FRITIDSTILBOD I ULVIK	22
3.3.	INFRASTRUKTUR I ULVIK	22
3.4.	REGIONALE OG NASJONALE SAMARBEIDSPARTNARAR.	24
3.5.	OLAV H. HAUGE-SENTERET.	25
4.	VURDERINGAR.....	26
4.1.	SWOT.	26
5.	HANDLINGSPLAN FOR ULVIK 2019-2024.....	27
5.1.	GENERELT.	27
5.2.	VISJON OG MÅL.	27
5.3.	NÆRINGSFONDET.	27
5.4.	OPPSUMMERING TILTAK – PRIORITERTE TILTAK (MEN IKKJE PRIORITERT REKKJEFØLGE)	28
5.5.	OPPSUMMERING TILTAK – UPRIORITERT.	29
5.6.	PROSJEKTSKILDRING.	30
5.7.	TILTAK – DETALJERT SKILDRING AV PRIORITERTE TILTAK (IKKJE PRIORITERT REKKJEFØLGE)	32
5.8.	TILTAK – DETALJERT SKILDRING AV UPRIORITERTE TILTAK (IKKJE PRIORITERT REKKJEFØLGE)	38
6.	VEDLEGG.....	40
6.1.	GENERELT.	40
6.2.	LANDBRUKET I TALL.	41
6.3.	TALL OM REISELIVET.	43
6.4.	ULVIK HERAD - EKSISTERANDE PLANAR.	44

1. GRUNNLAG FOR ARBEIDET

1.1. KVIFOR NY STRATEGISK PLAN

I tråd med planstrategien for Ulvik herad skal «Sektorplan for Arbeidsplassar og Næringsutvikling» rullerast. Det vart i planstrategien vedteke ein Strategisk Nærings- og Utviklingsplan (SNU) som erstatning for sektorplanen, i tillegg skal planen inkludere landbruk og reiseliv.

«Sektorplan for Arbeidsplassar og Næringsutvikling» for Ulvik herad vart vedteken i 2011. Ulvik og regionen har utvikla seg sidan den gongen og fleire av måla i planen kan òg seiast å vera nådd.

Ein strategisk næringsplan er ein plan for kva det offentlege (heradet) kan gjera for å leggja til rette for ynskt nærings- og samfunnsutvikling i kommunen. I planprosessen er det viktig med dialog med aktørar, innbyggjarar og næringslivet.

1.2. MANDAT OG PROSESS

Heradsstyret vedtok planprogrammet for ny strategisk nærings- og utviklingsplan den 26. september 2018 i sak HST-051/18. Det vart satt ned ei arbeidsgruppa som skal fylgja arbeidet, og gruppa var samansett slik:

- *Ingrid Prestegard, AP*
- *Stig Røkenes, H*
- *Jon Olav Heggseth, Sp*
- *Oddmund Jordal, V*
- *Guro Ljone, SV*
- *Rune Østraat, adm Ulvik herad*
- *Anette Hjeltne, adm Ulvik herad*
- *Stein Olav Kolås, Bondelaget*
- *Vibeke Korsnes, Ulvik Næringslag*

Planen skal omfatta temaene: Næring, landbruk, reiseliv, samfunnsutvikling, nyskapning, berekraft og regionalt samarbeid. Planen skal innehalda ein handlingsdel som skal rullerast årleg.

Arbeidet er utført i tida november 2018 til august 2019. Ulvik herad har halde 5 opne møter for innbyggjarar og næringsaktørar med desse temaene:

- *Oppstartsmøte med presentasjon av planarbeidet*
- *Reiseliv og småskalaproduksjon*
- *Landbruk og skogbruk*
- *Tilflytting og bukviljetar*
- *Service, bygg og andre næringar*

I tillegg har det vore ope møte for næringslagets medlemmer med tilhøyrande arbeidsgrupper.

Arbeidsgruppa har hatt 8 møter og ungdomsrådet har hatt 2 møter med SNU-plan som tema. Arbeidsgruppa har mottatt innspel til planen og har tatt desse med i vurderingane.

1.3. OVERORDNA VISJON OG VERDIGRUNNLAG

I kommuneplanen til Ulvik herad er denne visjonen satt for Ulvik:
Ulvik herad skal vera ein stad for mangfald, opplevingar og utvikling!

SNU skal vera ein strategisk plan som omset måla i kommuneplanen til handling, og tiltaka i SNU vil jamnleg vera oppe til vurdering, i samheng med budsjett og økonomiplan.

Mål SNU (henta frå kommuneplanen: Overordna mål)

- *Ulvik herad vil arbeida for å stabilisera – og leggja til rette for ei auke i folketalet*
- *Ulvik herad vil føra ein politikk som sikrar ei framtidsretta utvikling, med positiv befolkningsvekst, både i grendene og sentralt i bygda. Heradet skal leggja spesielt vekt på utvikling av gode bustadområde og funksjonelle møteplassar.*
- *Ulvik herad skal, som Miljøfyrtårnkommune, arbeida for ei berekraftig utvikling og leggja til rette for miljøtiltak for befolkinga.*
- *Ulvik herad vil arbeida for trygge oppvekstmiljø som inviterer til aktiv fritid og fremjar god helse og trivsel.*
- *Ulvik herad skal ha barnehage- og skuletilbod av god kvalitet for alle – barnehageplass for dei som ynskjer det og ein skule prega av kultur for læring.*
- *Ulvik herad skal ha eit aktivt og mangfaldig kulturliv med kvalitet og breidde, som fremjar eigenutvikling, fellesskap, trivsel og verdiskaping.*
- *Ulvik herad vil arbeida for å auka sysselsetjinga i planperioden 2009 – 2020. Ein vil redusera ulempa med å pendla til og frå Ulvik herad og ha ein tydeleg næringspolitikk som definerer klare mål og tiltak for ynskt utvikling.*
- *Ulvik herad skal forvalta heradet sine natur- og miljøkvalitetar. I arealforvalting og bygging av infrastruktur skal ein leggja vekt på å ivareta og utvikla kulturlandskapet og redusera attgroinga.*
- *Ulvik herad skal yta god service og vera ein moderne, effektiv og utviklingsorientert kommune med evne til endring og vilje til utprøving av nye modellar og metodar i takt med skiftande utfordringar.*

Gjennom arbeidsprosessen med SNU, har ein identifisert fylgjande tiltak ein ynskjer å ha fokus på den neste 5-årsperioden:

1. Vidareføring og vidareutvikling av næring innan landbruk og reiseliv

2. Næringsvennleg kommune

- a. Samfunnsutviklarfunksjon

3. Infrastruktur

- a. Vegar
- b. Hamner
- c. Digital kommunikasjon

4. Marknadsføring og samhandling med regionen

5. Auke / oppretthalda folketal

6. Attraktiv bukommune

- a. Attraktivt sentrum
- b. Opningstider kommunale tenester (td. Barnehage og SFO)
- c. Tilgang på gjennomgangsbustader og attraktive tomter

1.4. CITTASLOW

Ulvik herad vart i april 2015 medlem i Cittaslows internasjonale nettverk. Med det har heradet forankra eit særskild ynskje om å ivareta og fremje god og offensiv miljø- og klimapolitikk og ei berekraftig utvikling, både lokalt og globalt.

Målet med Cittaslow er å styrkja det gode livet på bygda. Dette skal skje gjennom å sjå på nye og innovative løysingar samstundes som ein tek vare på det ein har og vernar om identiteten til bygda. Cittaslow må sjåast på som eit verktøy med konkrete tiltak for å sikre eit godt liv i Ulvik.

Sertifisering av stader i Cittaslows nettverk omfattar 72 kvalitetskrav som er inndelt i sju delområde:

- *Energi- og miljøarbeid*
- *Infrastruktur*
- *Fornyng og utvikling*
- *Landbruk, reiseliv og handverk*
- *Gjestfridom og vertskap*
- *Fellesskap og integrering*
- *Lokalt samarbeid*

Prinsippa i Cittaslow skal inkluderast i utviklingsarbeidet til Ulvik herad.

Om Cittaslow i Ulvik: <https://www.ulvik.kommune.no/cittaslowbygda/cittaslowradet/>



2. STATUS

2.1. GENERELT

I dette kapittelet er det henta inn tal som omhandlar landbruk, reiseliv og øvrig næringsliv.

2.2. LANDBRUK

2.2.1. Om landbruket

Landbruket har lange og gode tradisjonar i Ulvik, og har opp gjennom tidene vore grunnsteinen i næringslivet i bygda. Denne tradisjonen har vore ein vesentleg faktor når det gjeld å forma naturen, bygda og omgjevnadene. Landbruket er framleis ein særskild viktig faktor når det gjeld næringsutvikling, og har gjennom tidene vist tilpassing til ein vekslende marknad. Det er eit mål å utvikla landbruket vidare. I samarbeid med lokal og regional kompetanse, vil Ulvik herad leggja til rette for ei vidare utvikling av landbruksnæringane.

Det er eit mål at ein i Ulvik skal oppretthalda sjølvstendig landbruksdrift på flest mogleg landbrukseigedomar.

2.2.2. SSB Ferske tall (2018) om landbruket i Ulvik

Tal jordbruksbedrifter og storleik på jordbruksareal har i perioden 2012-2017 vore stabilt.

I 2018 var det 57 bruk i Ulvik som mottok tilskot på til saman 11,67 mill NOK (Produksjonstilskot kr. 9, 49 mill nok, avløysartilskot kr. 1,34 mill nok, regionalt miljøtilskot kr. 1,13 mill nok). Eit tilskot i denne storleiken vil seia at i landbruksnæringa i Ulvik har ei omsetning på ca. 26 mill.

Antall bruk som mottok tilskot	Antall Bruk < 35 < 55 dekar	Antall bruk > 35 < 55	Antall bruk > 55	Totalt antal dekar	Totalt utbetalt tilskot
57	15	6	36	6657	11 667 713

Det er fylgjande fordeling på satsingsområde/produksjonsområde i dei landbruksverksemdene som mottok tilskot:

- 23 stk innan frukt
- 11 stk innan storfe
- 37 innan småfe

Oversyn skogbruk

1.2.1. Om skogbruket

Skogbruket har lang tradisjon i Ulvik. Ulvik skogeigarlag vart stifta i 1932, då det plutselig vart nedgangstider i skogbruket etter fleire år med høgkonjunktur. Også skogsreisinga kom tidleg i gang i Ulvik, alt i 1920-åra vart det plata ut gran av Hartz proveniens. Skogbruket har opp gjennom tida vist god omstillingsevne og klart å tilpasse seg til ein vekslende marknad. Enno i dag er skogbruket ein viktig finansieringskjelde for større investeringar på gardsbruka. Heradet ynskjer fortsatt berekraftig utvikling av skogbruket i Ulvik, og vil forsøkje å leggja til rette for dette. Skogbruket kan og bør få ein nøkkelrolle i «det grønne skiftet».

Ulvik har òg eit relativt godt utbygd skogsvegnett samanlikna med resten av fylket og Vestlandet elles. Det var stor utbyggingsaktivitet mot slutten av 1900-talet. Mykje av den produktive skogen på nordsida av fjorden er difor tilgjengeleg for uttak. Men høge transportkostnader, og avgrensingar på vegnettet i høve til aksellast og vogn-tog lengde gjer likevel sitt til å redusere lønsemda for skogbrukarane. Eit aktuelt tiltak er bygging av ny skogsbilveg frå Aurdal til Ljono, som vil utløyse betydelege mengder tømmer.

Skogbrukslova stiller krav til tilfredsstillande forynging etter hogst. Det vil i dei fleste tilfelle innebera planting. God skogskjøtsel gjev god økonomi ved hogst. Hordaland har lenge hatt gode tilskotsordningar for skogkultur, men framover må skogbrukarane i større grad finansierer skogkulturarbeidet med skogfond. Innestående saldo på skogfond er per d.d. litt over 1,2 mill. kr.

2.2.2. SSB Ferske tall (2018) om skogbruket i Ulvik

Storleiken på det produktive skogbruksarealet i Ulvik er relativt stabil over tid, det same gjeld tal skogbrukseigedommar. **Ferske tal frå SSB synar fylgjande fordeling:**

Antall landbruks-eigedommar med produktiv skog	Totalt antal dekar prod. skog	Antall Bruk < 100 dekar	Antall bruk > 100 > 500	Antall bruk > 500
135	53222	40	69	26

Det økonomisk drivverdig skogbruksarealet er om lag 35.000 dekar. Hogstverdien dei siste 5 år har i gjennomsnitt vore kr. 2,5 mill. Med vidareforedling er samfunnsverdien om lag det 10 dobbelte. Lokal vedproduksjon kjem i tillegg. I same periode er det planta om lag 170 000 tre, herav snautt 5000 joletre.

I 2017 og 2018 gjekk uttak og nyplanting noko ned:

Uttak 2017 kbm.	Uttak 2018 kbm.	Nyplanting 2018 antall planter
1445	419	7700

Ein ventar ny oppgang i 2019. I ein liten kommune vil det vere svingingar frå år til år. Anbefalt årleg hogstuttak er ca. 15.000 kubikkmeter.

2.2.3. Vurderingar Landbruk

Føringar i landbruksavtalen (kjelde: Innovasjon Norge)

Generelt:

- *Prioritere auka matproduksjon, der det er marknadspotensiale*
- *Små og mellomstore bruk skal prioriterast ved tildeling av støtte*
- *Maksimal støttesats er 35%, inntil kr 2 mill. pr prosjekt.*

Dei ulike produksjonane;

- *Mjølke, prioritere fornying av 15-30 kyrs fjøs*
- *Frukt / grønt, prioriterast*
- *Sauefjøs, skal ikkje lenger støttast (unntak økologisk drift)*
- *Gjødsellager, for minst 10 mnd. lagring, inntil 20 % tilskot, max. kr 100 000*

For landbruket i Ulvik kan det vera ei god løysing å fylgja prioriteringane som Innovasjon Norge har fått. Sikra at mjølkeproduksjonen vert oppretthalden gjennom fornying av fjøs og auka fruktproduksjonen gjennom nyplanting. Innhenta informasjon tyder også på at desse produksjonane har vore på eit stabilt nivå dei siste åra, og såleis kan vera klare for vidare satsing.

2.3. REISELIV

2.3.1. Om reiselivet

Reiselivet i Ulvik har tradisjonar attende til 1800-talet. Dei seinare åra har utviklinga gått meir i retning av einskildreisande og mindre grupper. Desse gruppene etterspør ofte dei same tilboda som større grupper får.

Opplevingstilbodet til turistar i Ulvik er eigna for mindre grupper og individuelt reisande. Men det er minimumsgrense for tal deltakarar på nokre opplevingar. Nokre av dei naturlege aktivitetstilboda som turgåing, padling og sykkel er lett tilgjengeleg for einskildreisande og mindre grupper.

Det har vore nedgang i cruisetrafikken til Ulvik dei siste åra: I 2019 er det 4 anløp, i 2018 var det 9 stk og i 2017 var det 13 stk. I og med at har vore nedgang i cruisetrafikken og at det er auke i einskildreisande og mindre grupper, er tilrådinga frå arbeidsgruppa at Ulvik prioriterer å leggja til rette for individuelt reisande og mindre turistgrupper til Ulvik.

Generelt sett, ser utanlandske turistar Ulvik som «Hardanger» og «Fjords of Norway», og med det som utgangspunkt må Ulvik ha eit meir regionalt fokus når ein tenkjer marknadsføring og samarbeid. Ein bør gå i samarbeid med turistkontor i Eidfjord og reiselivsnæringa på Voss, Ullensvang, Odda og Kvam for å bli del av opplevingstilbodet som vert marknadsført i regionen. Det er viktig at Ulvik dreg nytte av den auke i turistnæringa som særleg Odda, Voss og Flåm har opplevd dei siste åra.

Ei regional satsing og eit regionalt samarbeid er avgjerande for å få lengre sesongar og meir besøk til Ulvik. Ulvik må marknadsførast som del av Hardanger og Fjordnorge, og det må setjast inn ein betydeleg innsats på dette området.


Fotturar er blitt ein stor trend innan turismen i Noreg, og Ulvik har mange stiar og turar i ulik vanskelighetsgrad. Marknadsføring, informasjon om og tilrettelegging for fotturar er noko som vil kunne gje Ulvik fleire turistar gjennom heile året.

Siste år ser me ei auke i småbåttrafikken til Ulvik, og det er dagar då kapasiteten i dagens småbåthamn er overskride. I tillegg er det kome fleire aktørar som tilbyr fjordturar og Ulvik Herad må utarbeida ei havneforskrift. Ulvik bør ta rolla som småbåthamna inst i Hardanger og søkja eit samarbeid f. eks småbåthamna i Norheimsund om felles marknadsføring.



Fylgjande oppstilling syner besøkstala på Turistkontoret i Ulvik 2016-18. Den største nedgangen i talet er fordelt mellom dei fleste nasjonalitetar i 2018, dette skuldast stort sett mangel på heildags cruisedagar og at Hardangerfjord-båten som går mellom Ulvik og Eidfjord la om rutetidene i 2018.

Besøksteljing viser at talet på besøkande frå Europa ligg jamt. Dette er ei gruppe som over fleire sesongar har vist at dei finn vegen til Ulvik i større grad som enkeltturistar/ smågrupper/ familiar. Over halvparten av dei besøkande er frå Skandinavia, resten fordeler seg på Europa og Amerika. I tillegg er det mange bussturistar frå Kina som ikkje er registrert i turistkontoret si teljing.



2.3.2. Overnattingskapasitet

Det er fem større hotellovernattingstader i Ulvik og dei har til saman 313 rom (av dette 41 på Finse).

Tal hytter som er ledige for tradisjonell utleige (inkludert hytter på campingplassen og yurtene i Osa) er 18 stk.


Statistikk for Airbnb er fortsatt ikkje tilgjengeleg.

2.3.3. Overnattingar (kjelde statistikknett – Reiseliv)

Tal for overnattingsdøgn i Ulvik viser ei fin utvikling siste åra, frå 2015 har Ulvik (inkludert Finse) auka frå 68069 overnattingar til 87201 i 2018.


Hoteller

Overnattingar i alt. 2010 - 2018



Hoteller

Norske og utenlandske overnattingar. 2010 - 2018



Kjelde: <https://www.statistikknett.no/reiseliv>

Camping og hytteutleige står ikke oppført selv om dette er en aktuell kategori for Ulvik, dette skyldast at det er få akkrørar. Data frå Airbnb er ikkje klar på noverande tidspunkt.

Basert på samtalar med næringa er ca. 85 % av overnattingane i perioden april-september. Det det bur om lag 1,7 personar på kvart rom og ca. 3 på hyttene, så tal overnattingar må multipliserast med det. Beleggsprosenten i juni-august er opp mot 100%.

Visit Hardangerfjord seier dette om Ulvik som reiselivskommune:

Generelt er Ulvik godt posisjonert for trend og etterspørsel i reiselivsbransjen. Unike naturopplevelser kombinert med kultur (ikke minst kategori sider) er i vekst. Fra observere/sightseeing til deltakelse/opplevelser.

I tillegg har Visit Hardangerfjord bestilt ei større analyse om reiselivet i Hardanger som inkluderer Ulvik, denne er klar i november og bør vera del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med heilskapleg strategi for reiselivet i Ulvik som skal startast i 2020. Arbeidet med overordna strategiplan for reiselivet kan organiserast som eit prosjekt der ein involerer lokale og regionale reiselivsaktørar samt kunnskapsinstitusjonar på dette feltet.

2.4. ANNA NÆRINGS LIV

2.4.1. Om anna næringsliv

Næringslivet i Ulvik er i hovudsak små verksemder innan handel, tenesteyting, produksjon og handverk. Dei siste åra har det vore god tilvekst innan handverkarar som har etablert enkeltmannfirma. Det er små og mellomstore bedrifter innan blomar og vannproduksjon, transport, IT, konsulentteneste og handel.

2.4.2. SSB Ferske tall om næringslivet i Ulvik

Utviklinga i tal arbeidsplassar i Ulvik har vore slik dei siste 10 åra: Ein ser at det har vore ei nedgang i tal arbeidsplassar frå 472 til 401.

TAL ARBEIDSPlassar	2018	2008
Alle	401	472
Uoppgjeve	9	4
Primærnæringane	41	54
Industri	13	16
Elektrisitet, vatn og renovasjon	6	8
Bygg og anlegg	45	49
Varehandel, motorvognreparasjonar	26	26
Transport og lagring	8	28
Overnatting og servering	47	58
Informasjon og kommunikasjon	6	4
Finansiering og forsikring	0	3
Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	12	10
Forretningsmessig tenesteyting	18	14
Offentleg administrasjon, forsvar, sosialforskring	32	37
Undervisning	40	67
Helse og sosial	86	81
Personleg tenesteyting	12	12

Når ein ser på tal tilsette i verksemdene, får ein stadfesta at det er hovudsakleg små- og mellomstore verksemdene i Ulvik. Det er i tillegg nokre større aktørar innan reiselivet.

STORLEIK VERKSEMDER I ULVIK	2019	2014
Ingen tilsette	155	137
1 - 4 tilsette	34	51
5 - 9 tilsette	16	13
10 - 19 tilsette	3	4
20 - 49 tilsette	6	4
50 - 99 tilsette	1	1
100 - 249 tilsette	0	0
Totalt	215	210

2.4.3. Bransjar fordelt på omsetning (kjelde Proff Forvaltning)

Når ein hentar ut omsetningstal frå Proff for Ulvik finn me at det er ei totalomsetning på NOK 128 mill, og då er det tatt utgangspunkt i 40 verksemdar, og fordeler slik på dei ulike næringane:



Tala viser at reiseliv er viktig for Ulvik: Overnatting og servering utgjer 37 % av omsetninga og varehandel 19 %. Omsetning og drift av fast eigedom er også relativt stor med 11 %, i dette talet ligg m.a. eigedomsselskapa til hotella samt Ulvik Bustadstifting. Industri er i hovudsak frå to verksemdar.

2.5. NÆRINGSAREAL OG KONTORFASILITETAR

2.5.1. Ledig næringsområde

Pr. no er det ledig kommunalt næringsareal i Osa.

Ulvik herad har overtatt område i Holmen frå Fylkeskommunen og det kan moglegvis bli næringsareal der. Bruravik ferjekai er ledig og ligg ute for sal, denne er eigd av Hordaland fylkeskommune. Sjukeheimen i Ulvik ligg ute for sal då ein skal flytta til Ulvik Omsorgstun i løpet av 2019, dette vil kunne vera gode næringslokale.

2.5.2. Kontorfasilitetar

Ulvik har god tilgang på kontorfasilitetar på både kort- og langtidsleige i sentrum av Ulvik. Noko er i privat eige og noko er drifta av Ulvik handelslag (Ulvik næringslag).

2.6. ULVIK SOM FRITIDSKOMMUNE

Ulvik er ein etablert og attraktiv fritidskommune. Fleire eigedomar blir ved arv fritidseigedomar, og fleire har kjøpt heilårsbustader til fritidsfremål. Dei siste åra har det vore ein gledeleg utvikling innan tilgang på hyttetomter i Ulvik, og ein tek sikte på å få mange fritidsbuande inn i denne marknaden.

Det er ferdig regulerte hyttetomter i fylgjande område:

- Håheimsvika (10 stk, 8 stk ledige)
- Krittje Fjordtun på Viknes (12 stk, 10 stk ledige)
- Tungeteigenhyttefelt (15 stk, 6 stk ledige)

Området som ligg i arealdelen til kommuneplanen som framtidig fritid er Ulsbergmyra og Kvammen.

Det er også satt av nokre område til fritid og spreidd bustad / fritid.

I tillegg har feltet på Espeland utvidingsmoglegheiter og det er også rom for tomter i tilknytning til skianlegg på Drevtjørn. I SSB sine tal over fritidsbustader har Ulvik leggje ganske likt i tal fritidsbustader siste 10 år.


MÅLTAL	TAL					
	FRITIDSBYGNINGAR					
Tid	2005	2010	2015	2016	2017	2018
Geografi						
Jondal	321	327	432	432	431	431
Odda	1126	1278	1411	1442	1474	1529
Ullensvang	224	221	230	228	232	233
Eidfjord	721	787	936	987	1042	1088
Ulvik	281	273	284	284	289	281
Granvin	98	205	211	212	215	218
Voss	2292	2676	2953	3014	3067	3103
Kvam	2425	2588	2709	2730	2758	2782

2.7. ULVIK SOM ATTRAKTIV KOMMUNE


2.7.1. SSB – Ferske tall om Ulvik

Pr. 01.01.2019 er det registrert 1093 innbyggjarar i Ulvik herad. Frå 2008 og fram til 2019 har folketalet i Ulvik pendla mellom 1093 og 1131 personar. Ulvik er framskrive med ein betydeleg vekst i folketalet:

Tal innbyggjarar pr 01.01 i perioden 2005 - 2019



Folketalsutvikling Ulvik herad 2000 - 2044



SSB understrekar i sine framskrivingar at det er betydeleg usikkerhet forbunde med å framskriva langt inn i framtida og i mindre befolkningsgrupper:


«Det er trolig at framskrivingene ikke helt og fullt fanger den faktiske utviklingen framover, og i så måte er tallene usikre. Usikkerheten øker jo lenger fram i tid vi ser og jo mindre grupper vi framskriver.» (ssb.no)

SSB tek utgangspunkt i fylgjande faktorar når dei framskriv:

«Til framskrivingene trengs det forutsetninger om de fire demografiske komponentene: framtidig fruktbarhet, dødelighet, innenlandske flyttinger og inn- og utvandring. Ved å bruke ulike forutsetninger om disse komponentene kan vi lage ulike alternative framskrivinger. (ssb.no).


Om denne framskrivinga held stand, vil Ulvik ha behov for fleire bustader og Statistikk i vest har framskrive dette behovet slik:

Tal bustader framskriving basert på folketalsframskriving



Byggjeaktiviteten i Ulvik dei siste 10 åra har vore slik:

Bustadaktivitet i Ulvik 2010 - 2017



Det er med andre behov for å auka byggjeaktiviteten om ein skal leggja SSB si framskriving til grunn.

Ulvik har ein aldrande befolkning, gjennomsnittsalderen i Ulvik er 43,9 år, mens den til samanlikning er 39,0 år i Hordaland. Ulvik hadde den 6. eldste befolkninga i Hordaland pr. 01.01.2019.

Det er 483 yrkesaktive i Ulvik (pr. 01.01.2018) og av disse er det 304 personar arbeidar i Ulvik. Ulvik herad er den største arbeidsplassen i kommunen med cirka 124 årsverk fordelt på cirka 170 tilsette.

Det er stor utpendling frå Ulvik og pendlinga skjer til desse kommunane (01.01.2018):

Eidfjord	Ullesv.	Odda	Kvam	Granvin	Voss	Bergen	Sokkelen	Oslo
7	13	2	4	23	89	33	5	9

2.7.2. Utdanningsnivå befolkning (statistikk.igest.no)

Ulvik har ei høgt utdanna befolkning samanlikna med andre samanliknbare distriktskommunar.

		2000	2005	2010	2015	2016	2017
UNIVERSITETS- OG HØGSKOLENIVÅ							
KORT (TAL PERSONAR)	Ulvik	138	150	163	200	196	209
	Ullensvang	353	443	497	553	575	257
	Eidfjord	104	104	126	156	164	170
	Granvin	108	132	135	161	163	160
	Jondal	134	154	167	189	192	193

UNIVERSITETS- OG HØGSKOLENIVÅ							
LANG (TAL PERSONAR)	Ulvik	35	36	44	56	167	58
	Ullensvang	65	64	101	132	127	133
	Eidfjord	14	16	26	33	36	31
	Granvin	14	12	17	24	22	23
	Jondal	10	10	187	28	31	31

3. BUKOMMUNE - KOMMUNALE TENESTE



3.3.1. Skule

Skulen ligg på Skeie, 500 m frå sentrum og er einaste grunnskulen i Ulvik. Kulturskulen og Skulefritidsordninga er og lokalisert her. Det er pr. no 125 elevar ved skulen, det er ein 9-delt skule. Skulen er frå 1952, med fleire utbyggingar på 70- og 80-talet. I 2009 vart den siste ombygginga og oppussinga fullført. Det vart lagt inn nytt ventilasjonsanlegg, ny belysning, nye golvbelegg samt elektroniske tavler og andre audiovisuelle læremiddel i alle klasserom. Skulen har ny idrettshall og symjebasseng samt at det føreligg planar om oppgradering av uteområdet.

3.3.2. Barnehage

Barnehagen ligg på Lekve, ca. 2 km frå sentrum. Barnehagen har 4-5 avdelingar der to av dei er for aldersgruppa 10 månader - 3 år. Barnehagen er bygd i 1983 (nytt påbygg i 1989) og har avgrensa utvidingsmoglegheiter i eksisterande barnehagebygg. I 2019 kjøpte Ulvik herad inn barnehagemodul for å ha utvidingskapasitet.

3.3.3. Kulturskulen

Det vert gjeve tilbod om instrumental - og vokalopplæring. Ein kan velja mellom ulike instrument, korps, song og drama. Opptakskravet er at ein er busett i Ulvik kommune. Skulen er open for alle, men born i førskulealder og elevar i grunnskule vert prioriterte fyrst.

Kulturskulen i Ulvik er veldig populær og i 2019 er det 80 born som nyttar seg av 125 kulturskuletilbod.

3.3.4. Tilbod til born og andre gjennom året

Ulvik har i høve til innbyggjartalet eit godt fritidstilbod til born og vaksne. Idrettslaget er det største laget i tal medlemmar og har eit variert tilbod innan fotball, ski, friidrett, halltrening og anna trim. Det er mange lag og organisasjonar som gjev tilbod innan musikk, tradisjonelle handverk, 4 H, treningssenter, turlag, bogeskyting, symjing, aerobic, dans, m.m. I tillegg er det mange stiar og turar innan rekkjevidde og med ulik vanskelegheitsgrad. Det vert laga til stølstrim og O-løpskart i sommarsesongen.



3.3.5. Lege

Ulvik kommunelegekontor har 2 legar dei fleste dagar og har ope alle kvardagar.
Legevakt kl. 16-08: Voss og omegn interkommunale legevakt er lokalisert på Voss sjukehus.

3.3.6. Tannlege

Nærmaste tannlege er Voss, men det er tilbod om tannpleieteneste til skuleelevator og pensjonistar 1 dag kvar 14. dag.

3.3.7. Bustadområde

Kommunen har 3 ledige tomter i Hjelmavollsvegen. På Øvre Skeie skal det regulerast inn 20 tomter (10 – 15 einebustader / rekkjehus). Truleg vert desse klare i 2020.

I Vombevika er det regulert 6 bustadtomter med tilsaman 8 bueiningar, men desse tomtene er p.t. ikkje tilrettelagt for med infrastruktur. Dette område er i kommunal eige.

3.3.8. Leilegheiter

Ulvik herad har i dag 10 leilegheiter for utleige. Desse einingane er i hovudsak tenkt for utleige til kommunalt tilsette, men vert i einskildtilfelle leigd ut til andre. I sentrumsbygget er det 6 stk leilegheiter, Øvre Paradis er det 4 stk leilegheiter og på Øvre Skeie er det ein einebustad der flesteparten av leilegheitene er selde, men det er fortsatt noko utleige.

På Brakanes er det eit private leilegheitskompleks. I tillegg har Bustadstiftinga 38 små (1-2 personar) leilegheiter spreidd i bygda.

Det er mangel på startbustad for førstegongsetablerer og gjennomgangsbustader for familiar som flyttar til Ulvik og som ynskjer å leiga eit husvære for 3 – 5 personar.

3.2. KULTUR- OG FRITIDSTILBOD I ULVIK

3.2.1 Idrettsanlegg

- Drevtjørn (ski/hopp)
- Solsæ (ski)
- Holmen idrettsbane for fotball og friidrett.



3.2.2. Festivalar og messer

Det er fleire festivalar og messer i Ulvik gjennom året:

- Poesifestivalen, september annakvart år
- HardangerSus, juli annakvart år
- Blueshelg, februar
- Finsejazz, januar
- Siderslepp, mai
- Verdas poesidag, mars
- Kulturarrangement Kvemmadokkje, juli
- Musikkhelg på Brakanes, oktober
- Torgdag, oktober
- Julemessa, desember
- Kåringsjå sau, september

3.2.3. Idrettsarrangement

Ulvik Idrettslag (stifta 1926) er eit allsidig og inkluderande idrettslag med høg aktivitet innan mange idrettar. Dei mest sentrale er ski, fotball og friidrett. Laget har over 400 medlemmer. Idrettsanlegga er Drevtjørn (ski/hopp), Solsæ (ski) og Holmen (fotball og friidrett). Laget har fleire større arrangement.

- *Kvasshovden Opp, juli*
- *Ulvikaleikane, Juni*
- *Ulvikarennet, februar*
- *Fotballskule, juni*

I tillegg skipar også fylgjande lag ulike arrangement, men ikkje årvisse: Ulvik Karateklubb, Ulvik Bogeskyttarlag, Ulvik Vasski Klubb, 4 H, Ulvik skulemusikk, m. fl.

3.3. INFRASTRUKTUR I ULVIK

3.3.1. Vegar

Innan Ulvik er det tre klassar:

Primære fylkesvegar (1)

FV 572 er frå Vallaviktunellen til Ulvik sentrum, funksjonell vegklasse 3 og 4. (B10 på heile strekninga, dvs full høgde, 50 tonn og 19,5 meter. Ingen restriksjon i følgje SVV sin kartportal)

FV 5380 til Espelid, funksjonell vegklasse 4. (B10 på heile strekninga, ingen restriksjon i følgje SVV sin kartportal)

Sekundære og andre fylkesvegar (4)


FV 5374 til Osa, funksjonell vegklasse 5. (B10 på heile strekninga, ingen restriksjon i følgje SVV sin kartportal).

FV 5381 til Ljono, funksjonell vegklasse 5. (B10 på heile strekninga, ingen restriksjon i følgje SVV sin kartportal)

Det er store etterslep på ettervedlikehald.

Kommunevegar (12) (eigen plan for utbetring)

Det er 41 vegar som er kommunale vegar. Nokre få med fulle rettigheter, dei fleste med lengderestriksjonar og nokre også med vektrestriksjonar.



3.3.2. Hamnetilhøve

I Ulvik sentrum er det 3 kaiar som kan nyttast til lasting/lossing av mindre båtar (2000-4000 tonn). Sentrumsnær plassering gjer at lasting/lossing på kveld/natt/helg er vanskeleg.

I Osa er det ein kai innafor regulert næringsområde, denne er også avgrensa til mindre båtar.


I tillegg er den gamle ferjekaien på Bruravik inntakt, men framtidig eigartilhøve er usikre då Fylkeskommunen prøvar å selja denne.

Diskusjonen om Sea-walk for å ta inn større cruiseskip blir ikkje omtalt i denne planen, det må inngå som tema i iden heilskaplege strategien for Reiselivet i Ulvik som skal påstartast i 2020, jmf tiltak i SNU-plan.

3.3.3. Digital kommunikasjon

Mobildekning er 4G (både Telia og Telenor) i sentrale strøk av Ulvik. Digital infrastruktur i Ulvik:

Overordnet Ulvik kommune



	Kobber	Kobber 30 Mbit/s	Fiber / HFC	Fiber	Antall husstander	Mangler grunnleggende BB
Norge totalt	97 %	86 %	82 %	59 %	2.514.102	351.974
Hordaland	99 %	91 %	88 %	72 %	247.737	22.296
Ulvik	92 %	27 %	1 %	1 %	476	347

Okapi har fibertilbod i sentrumsområdet og har planar for vidare utbygging dei nærmaste 1-2 åra. I tillegg har Telenor også tilbod i sentrum.

Okapi har også eit utbygd nett for trådløst breiband. Her føreligg planar om oppgradering, men fiberutbyggingar har prioritet.

Varierende og dårleg DAB-dekning. Dårlig og manglande mobildekning i tunellar. Utover dette punktvis manglande dekning.

3.4. Liste over eit utval regionale og nasjonale samarbeidspartnarar (Ikkje utfyllande)

Ulvik har samarbeid med fylgjande organisasjonar:

- *Visit Hardangerfjord*
- *Hardanger Næringshage*
- *Ulvik Næringslag / Turistkontor*
- *Hardangerrådet*
- *Cruise Destinasjon Hardangerfjord*
- *Fjordvegen Rute 13*
- *Utmarkskommunenenes Sammenslutning*
- *Cittaslow*
- *Hardanger og Voss Museum*
- *Norsk landbruksrådgeving, NRL Vest*
- *Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar*
- *Forum nye Bergensbanen*
- *Hardangerviddatunnelane*
- *Hardingpuls*
- *Nynorsk*

3.5. KULTURSENTRUM / OLAV H. HAUGESENTERET

Olav H. Hauge-senteret (OHHS) er eigd og drive av stiftinga Nynorsk kultursentrum. Nynorsk Kultursentrum driv desse tiltaka:

- *Ivar Aasen-tunet med Dei nynorske festspela, handlenett.no og tunkatten.no*
- *Olav H. Hauge-senteret*
- *Vinje-senteret med Litteraturdagane i Vinje*
- *Allkunne*

Hauge-senteret er eit dokumentasjon- og formidlingssenter for Olav H. Hauges liv og verk og for lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser. Hauge-senteret er det første lyrikkssenteret i landet, og har p.t. fire fast tilsette og ein prosjektmedarbeidar.

Senteret får årleg tilskot frå næringsfondet til drift og poesifestival.



4. VURDERINGAR

4.1. SWOT

SWOT er ein analyse som vert nytta ved strategisk planlegging eller kartlegging av ein organisasjon sine eigne sterke og svake sider, samt identifisering av eventuelle truslar og moglegheiter som kan påvirke utviklinga. SWOT står for strengths (sterke sider), weaknesses (svake sider), opportunities (moglegheiter), og threats (truslar).

SWOT-analysen i tabellen under er ei oppsummering av innspel frå næringslivet, ungdomsrådet og arbeidsgruppa.

Oppsummert er det desse faktorane ein har peika ut som relevante:

Sterke sider	Svake sider
▪ Kompakt sentrum – enkelt å nå sentrale aktivitetar ▪ Gode kommunale tenestetilbod ▪ Godt vegsamband til/frå Ulvik ▪ Natur fjord / fjell/friluftsliv ▪ Siderproduksjon / Siderkultur ▪ Fagmiljøet på Hjeltnes innan hagebruk/natur/ lokalmat ▪ Grunderånd, dugnadskultur og driftige innbyggjarar – brenn for bygda. ▪ Kommunalt næringsfond	▪ Naturgjevne ressursar er lite (ut)nytta. ▪ Ligg utanfor allfarveg ▪ Alle pendlarveggar er bompengebelasta ▪ For lite tilbod til individuelt reisande ▪ Sentrum er nedslite og utdatert og manglar moteplassar ▪ Kommunale teneste er lite tilpassa pendlarar ▪ Manglande gjennomgangsbustad for familiar ▪ Manglande oversyn og tilgang på attraktive tomter til bustad og næring
Moglegheiter	Truslar
▪ Godt klima til fruktproduksjon ▪ God idrettsinfrastruktur som kan kommersialisert ▪ God arbeidsmarknad innafor pendlaravstand ▪ Kommersialisera tilgang til fjorden og hogfjellet. ▪ Synleggjera kultur og lokalhistorie ▪ Utvikla heilårsturisme ▪ Aktiv bruk av merkevare Hardanger ▪ Sentrumsutvikling, viktig for innbyggjarar og besøkjande herunder sykkel/gangsti til Holmen	▪ Strammare kommuneøkonomi grunna auka i låneopptak ▪ Forventa negativ utvikling i kommuneøkonomien ▪ Forventa ugunstig alderssamansetning hjå innbyggjarane ▪ Krav til omstilling av mjølkebruk. ▪ Befolkningsgrunnlag er i minste laget for å etablera/oppretthalda ein del tilbod/tenester ▪ Store avstandar til nokre teneste: Politi, legevakt, tannlege, m. fl.

5. HANDLINGSPLAN FOR ULVIK 2019 - 2025

5.1. GENERELT

Dette kapittelet kan lesast som eit frittståande dokument, men om ein ynskjer argumentasjon og bakgrunnsdata må resten av rapporten med tilvisingar lesast.

Tilrådte tiltak er gjort som eit resultat av prioriteringar samt realisme då alle tiltak skal gjennomførast i perioden 2019-2024.

5.2. VISJON OG MÅL

Ein konstaterer at Ulvik herad med ca. 1100 innbyggjarar er avhengig av klare strategiar for utviklingsarbeidet for å prioritera bruken av knappe ressursar rett. Arbeidet med strategisk Nærings- og Utviklingsplan må difor vera at Ulvik som bygd vert attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og tilreisande.

5.3. NÆRINGSFONDET

Næringsfondet vil vera ein viktig bidragsytar for gjennomføring av SNU-planen gjennom sine tildelingsvedtak

Gjeldande vedtekter.

<https://www.ulvik.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=10410&FillId=1958>

Gjeldande retningslinjer:

<https://www.ulvik.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=10410&FillId=1957>

Ulvik Herad sitt næringsfond er kr. 5.000.000 og er innbetalt i samband med utbygging av Eidfjord-Nordanlegga, oppretta ved kongeleg resolusjon av 4. juni 1976. Fondskapitalen kan berre nyttast til lån, herunder ansvarlege lån, og/eller avsetjast til garantifond.

Tilføring til fondet er årlege konsesjonsavgifter frå utbygginga av Eidfjord-Nordanlegga, renter og avkastning av fondskapitalen, som renter og avdrag på lån og andre tilførsler. Årleg utgjer dette om lag NOK 7 mill, av dette går NOK 600 000 til utdeling til næringslivet der næringslivet kan søkja om tilskot til etablering, vidareutvikling, m.m som er i tråd med retningslinene for Næringsfondet.

Vedtektene for næringsfondet vart sist revidert 12.2.2014.

5.3.1. Heradsstyret har ansvar for oppstart og oppfølging av tiltak i SNU

Oppstart og oppfølging av tiltak i SNU-planen må inngå i budsjett- og økonomiplanprosessen kvart år.

Det er viktig at større tiltak vert organisert som prosjekt (sjå 4.6.), for å få andre aktørar enn heradet på banen og for å opna for å søkja om eksterne midlar.

5.4. OPPSUMMERING TILTAK - PRIORITERTE TILTAK (MEN IKKJE PRIORITERT REKKJEFØLGE)

Oppstart av alle tiltak vil vera styrt av vedtak i heradsstyret (sjå punkt 6.3.1)

Kostnad på årsverk i Ulvik herad er sett til NOK 800.000 (Inkludert sosial omkostningar)

	TILTAK	OMRÅDE	HANDLING	TRULEG KOSTNAD
1	Bruk av Næringsfondet	Alle	Utbetalinger frå Næringsfondet bør vera i samsvar med fokusområda i SNU-planen.	
2	Gjestehamn	Attraktiv bukommune/ Reiseliv	Byggja gjestehamn langs promenaden. Oppretta lokal havneforskrift, regulering og drift av gjestehamn. Søkja HFK om midlar.	> 5 mill
3	Oppgradering sentrum	Attraktiv bukommune/ Reiseliv	Iverksetja oppgradering av Ulvik sentrum og utbetring av fjordtilgang. Vurdera midlertidige installasjonar med ulike tema.	> 10 mill
4	Oppgradering Fylkesveg	Infrastruktur	Oppgradering av: FV 301 (til Rondestveit) Strekninga frå Holmen Idrettsplass - Viknes. FV 303 (til Ljono) Veg gjennom sentrum: Kommalokk Veg til Osa.	IK
5	Oppgradering kommunale vegar	Infrastruktur	Vurdera alle kommunale vegar med tanke på oppgradering til 50 tonn og 19,5 meter vognlengde. Handling i samsvar med hst-vedtak 070/18.	IK
6	Utvikling av Holmenområdet	Næring / kultur	Sikra utvikling av Holmen-området til næring og kultur. Holmen må synleggjera historia til Kølle-søstrene og Ulvikaparliamentet.	0,5 mill
7	Fiber i sentrum	Infrastruktur	Avklara, i samråd med aktuelle fiberleverandørar, kva som trengst for at fiberutbygginga frå Brakanes til Hjeltnes kan etablerast i løpet av 2020 og vera ein pådrivar for at dette vert gjennomført.	0,1 - mill IK

8	Auka fruktproduksjon	Landbruk	Ilag med fruktprodusentar, råvare-kjøparar og mottakarar av konsumfrukt kartleggja grunnlaget for oppgradering / nyetablering av fruktfelt og iverksetja nødvendige tiltak.	< 1 mill
9	Oppretthalda mjølke-produksjon	Landbruk	I lag med mjølkeprodusentar og Tine kartleggja interessa for oppgradering av driftsbygningar til å stetta nye lovkrav. I dette ligg også å kartleggja interessa for fellesdrifter og leige av jord og vera ein pådrivar i arbeidet med gjennomføring.	< 1 mill
10	Betre bustadstrategi	Attraktiv bukommune	Gjennomføra to tiltak henta frå bustad-strategisk plan. Tidsavgrensa husleigeavtalar i kommunale bustader og krevja leige basert på den faktiske marknadsprisen for utleigeeiningar i Ulvik. Treng gjennomgangsbustader for familiar 3- 5 personar.	IK < 2 mill
11	Opningstider Barnehage og SFO	Attraktiv bukommune	Avklara kva opningstider i barnehage og SFO som passar med avreise/retur for pendlarar. Vurdera om/ korleis dette kan løysast og fremja forslag om endringar med aktuelle praktiske og økonomiske konsekvensar.	IK
12	www.Ulvik.no	Reiseliv	Ulvik som reisemål med alle aktivitets-tilbod skal marknadsførast betre på internett. Ein må i større grad søkja forpliktande samarbeid med regionale aktørar.	Inngå i dagens tilskot til Ulvik næringslag.

13	Samfunnsutviklar-funksjon	Bukommune / Næringsvenleg kommune	Oppretta ein samfunnsutviklarstilling med arbeidsfelt innan utvikling av Ulvik som attraktiv bukommune, lokalt og regionalt utviklingsarbeid, ansvarleg for utføring av tiltak i SNU-plan, m.m.	Årleg 750.000
14	Overordna strategi for Reiselivet	Reiseliv	Utarbeida strategiplan for reiselivet i Ulvik med regionalt fokus, merkenamn Hardanger og involvering av lokale aktørar. Dette skal vera ein heilskapleg plan der ein skal inkludera lokale næringsaktørar, regionale samarbeidsaktørar og kunnskapsinsitusjonar. Her skal blant anna Cruise skal debatterast.	> 300 000
15	Finse - kommunal medverknad	Næringsvenleg kommune	Aktivt delta i og støtta opp om Finse forum samt vera ein aktiv part i prosessen med utarbeiding av forvaltingsplan for Rallarvegen.	IK
16	Stirydding / merking	Reiseliv / Attraktiv bukommune	Fortsetja med stirydding og merking av stier.	50 000
17	Kulturprosjektet Tysso	Attraktiv bukommune / Reiseliv	Ulvik herad verdset private initiativ som fremjar kultur- og næringsutvikling. Ulvik herad er positiv til arbeidet med kulturprosjektet Tysso.	Er løyvd tilskot frå Næringsfondet
18	Klimatiltak i skogen	Landbruk	Sikra at planteplikt etter hogst vert oppfylt og at det vert stimulert til ungsogpleie. Utføra gjennomgang av alle skogeigedomar for å kartleggja at planteplikt er oppfylt og område med behov for ungsogpleie. Etablera rutinar som sikrar planteplikt og legg til rette for ungsogpleie.	IK

5.5. OPPSUMMERING TILTAK - UPRIORITERT

Oppstart av alle tiltak vil vera styrt av vedtak i heradsstyret (sjå punkt 6.3.1)
Kostnad på årsverk i Ulvik herad er sett til NOK 800.000 (Inkludert sosial omkostningar)

	TILTAK	OMRÅDE	HANDLING	TRULEG KOSTNAD
1	Opningstider kommunal administrasjon	Attraktiv bukkomune	Sikra publikum optimal tilgang til administrasjonen. Dette må gjerast ved å ta ein gjennomgang av opningstidene på tenestetorget, vegd opp å nytta automatiserte tenester.	IK > 100 000
2	Friluftsbarnehage	Attraktiv bukkomune	Vurdera etablering av friluftsbarnehage i Ulvik. Gjennomgangen skal leggjast fram som sak med forslag til tiltak og med fylgjande økonomiske og praktiske konsekvensar.	IK > 150 000
3	Turistskatt	Reiseliv	Vurdera innføring av touristskatt, gjerne gjennom regionale samarbeid, der ein ser på både storleik, metode for innkrevjing, lovheimel og skatteobjekt.	< 200 000

5.6. PROSJEKTSKILDING

Tiltaka som skal startast opp skal definerast etter dette oppsettet:

Mål	Kva ein vil oppnå – og det må vera målbart. På større prosjekt må ein også leggja inn delmål for betre kontroll og styring.
Overordna ansvarleg	Prosjekteigar den som initierer, finansierer og kontrollerer. For større prosjekt med fleire interessentar kan det vera fornuftig å oppnemna ei styringsgruppe. Om prosjekteigar er organisasjon utanfor kommunen bør det føreliggja stadfesting / viljeserklæring frå vedkomande.
Ansvarleg for gjennomføring	Prosjektleiari – ansvar for framdrift, ressursbruk, måloppnåing og rapportering. Aktuell ressurs må vera allokert.
Truleg kostnad	Antatt budsjettkostnad = nøktern vurdering + 20 % uføresett Ved større prosjekt bør dette vera delt opp i aktuelle postar
Forslag til finansiering	Kommunale (næringsfond) kontanttilskot. Statlege /regionale kjelder kontanttilskot. Eigeninnsats. Lån. Andre kjelder kontanttilskot.
Deltaking	Medlemmer i prosjektgruppa – aktuell ressurs må vera allokert. Medlemmer i eventuelle referansegrupper - aktuell ressurs må vera allokert.
Rapportering	Frå alle møte skal det føreliggja referat med stad, dato, deltakarar, skader som er handsama med konklusjonar. Statusrapport til prosjekteigar med framdrift, resultat og ressursbruk månadleg/kvartalsvis/halvårleg avhengig av prosjektstorleik. Sluttrapport seinast 15 dagar etter avslutta prosjekt.
Start	Kvartal / år
Slutt	Kvartal / år

5.7. TILTAK - DETALJERT SKILDRING AV PRIORITERTE TILTAK

(IKKJE PRIORITERT REKKJEFØLGE)

5.7.1. Bruk av Næringsfondet

TILTAK 1	Utbetalinger frå Næringsfondet må vera i samsvar med fokusområda i SNU-planen.
Grunngjeving	Sjå mål.
Mål	Sikra at fellesskapet sine midlar i størst mogeleg grad vert nytta til aktivitet og utvikling som vedkjem bygda.
Truleg kostnad	Ingen, utover næringsfondets rammer.

5.7.2. Gjestehamn

TILTAK 2	Byggja gjestehamn langs promenaden.
Grunngjeving	Utvida dagens gjestehamn i Tyssevikje til å omfatta område mellom haugesenteret og Brakanes hotell. Planen Ulvik strandpark kan vera eit godt utgangspunkt for vidare arbeid. Utarbeida ei havneforskrift som regulerer drift av gjestehamna. Søkja samarbeid med andre gjestehamner med tanke på marknadsføring, t.d. hamna i Norheimsund. Fylkeskommunen har midlar (fylkeskommunale utviklingsmidlar) som, etter søknad kan gjeva inntil 50 % av investeringskostnaden.
Mål	Gjera sentrum betre tilgjengeleg for tilreisande båtturistar. Etablerer rutinar og sikra økonomi for nødvendig framtidig vedlikehald og utvikling av gjestehamna.
Truleg kostnad	> 5 mill.

5.7.3. Oppgradering Ulvik sentrum: Aktivitetspark / Grøntområde / Møteplassar

TILTAK 3	Iverksetja oppgradering av Ulvik Sentrum og utbetring av fjordtilgang.
Grunngjeving	Ulvik har ein unik plassering ved fjorden er som er dårleg ivareteken. Sentrumsområdet er nedslite og tilgangen til fjorden er dårleg. Oppgradering av sentrum og god tilgang til fjorden vil vera attraktivt for både innbyggjarar og ikkje minst tilreisande. I SWOT analysen er trongen for sentrumsoppgradering sterkt framheva. Midlertidige installasjonar med ulike tema bør vurderast som eit alternativ.
Mål	Oppgradera Ulvik sentrum til eit område der folk vil trivast og opphalda seg gjennom trivselstiltak og tilrettelegging for kommersiell verksemd og bustader. Sikra sentrum, møteplassar, leikeplass, sitjegrupper, synleggjera minnesmerke etc. Etablerer rutinar og sikra økonomi for nødvendig framtidig vedlikehald og utvikling. Sikra fjordtilgang for ålmenta.
Truleg kostnad	> 10 mill.



5.7.4. Oppgradering Fylkesveg

TILTAK 4	Oppgradering av: FV 301 (til Rondestveit) Strekninga frå Holmen Idrettsplass - Viknes FV 303 (til Ljono) Veg gjennom sentrum: Kommalokk Veg til Osa Dette er påverknadstiltak mot Fylkeskommunen som må tilretteleggast av administrasjonen og i hovudsak utførast av politisk leiing.
Grunngjeving	For begge strekningar (til Ljono og Viknes/Rondestveit) vil dette vera viktig for privat næringsliv og skogbruket/tømmertransport. Likeins for gardsbruk i høve til slaktebilar og annan vare- og materielltransport. For reiselivet vil det gjera at turistbussar kan køyra der, det har vore etterspurt, særleg vegen til Ljono. For skulen på Hjeltnes og gartneriet på Viknes (Hjeltnes gartneri) vil det ha stor betydning, dette har vore etterspurt i årevis. Det er ikkje heile strekningar som må utbetrast, det er nokon punkt. Nokon krappe og smale svingar, som har vore påpeika i årevis. Systematisk og grunngjeve påverknadsarbeid på utvalde prosjekt gjev ofte resultat på sikt.
Mål	Utbetra aktuelle strekningar til 50 tonn og 19,5 meter.
Truleg kostnad	IK

5.7.5. Oppgradering kommunale vegar

TILTAK 5	Vurdera alle kommunale vegar med tanke på oppgradering til 50 tonn og 19,5 meter vognlengde – utan at dette utløyser større investeringar – og få mogelege endringar vedtekne.
Grunngjeving	Kommunale vegar med redusert vektbelastning og vognlengde påfører skogeigarar auka kostnader ved uttak av tømmer. Kringliggjande kommunar har gjennomført slik vurdering og oppgradert deler av vegnettet sitt. Hst har nyleg handsama sak om kommunale vegar, hst-vedtak 070/18, leggja dette til grunn for arbeidet.
Mål	Oppgradera alle kommunale vegar, der ein med mindre eller ingen ressursbruk, kan tillata 50 tonn og 19,5 meter.
Truleg kostnad	< 100 000

5.7.6. Utvikling av Holmen-området

TILTAK 6	Sikra utvikling av Holmen-området til næringsverksemd og kulturoppleving. Sikra at dette vert eit aktivt næringsområde og at historia til Kølle-søstrene vert formidla. Gå i aktiv dialog med interessentar.
Grunngjeving	Holmen-området er eit attraktivt og viktig område i Ulvik der det er viktig å ha aktivitet som kan gje næring og kulturoppleving.
Mål	Få ny aktivitet i området som kan vera med å gje Ulvik ei god utvikling framover.
Truleg kostnad	> 500 000

5.7.7. Fiber i sentrum

TILTAK 7	Avklara, i samråd med aktuelle fiberleverandørar, kva som trengst for at fiberutbygginga frå Brakanes til Hjeltnes kan etablerast innan 2020 og vera ein pådrivar for at dette vert gjennomført.
Grunngjeving	Ulvik ligg langt under fylkesgjennomsnittet når det gjeld fibertilgang. Fibertilknytning er ilag med straum og vatn viktigaste føresetnaden for eit moderne samfunn. Okapi har planlagt fiber i sentrum, men utbygginga er utan kjend framdriftsplan. Utbygging av fiber vil frigjera kapasitet i det trådlause breibandet etter kvart som abonnentar vert flytta over på fiber.
Mål	Sikra at alle næringsdrivande og husstandar på strekninga Brakanes – Hjeltnes får tilbod om fibertilknytning innan utgangen av 2020.
Truleg kostnad	> 100 000 < 1 mill.



5.7.8. Auka fruktproduksjon

TILTAK 8	I lag med fruktprodusentar, råvarekjøparar og avtakarar av konsumfrukt kartleggja grunnlaget for oppgradering / nyetablering av fruktfelt og iverksetja nødvendige tiltak.
Grunngjeving	Ulvik treng fruktproduksjonen både som råvare til lokal industri og for å behalda omdømet som fruktbygd. Produsentane i Ulvik har i liten grad tatt del i oppgraderingsprosjekta som Hardanger Fjordfrukt har køyrt. Innovasjon Norge har for tida gode tilskot til dei som oppgraderer frukthagane sine – eller lagar nye.
Mål	Sikra at fruktarealet i Ulvik vert oppgradert/auka og tilplanta med aktuelle sortar. Auka salsinntektene til produsent med 100 % i høve til dagens nivå.
Truleg kostnad	> 100 000 < 1 mill.



5.7.9. Oppretthalda mjølkeproduksjon

TILTAK 9	I lag med mjølkeprodusentar og Tine kartleggja interessa for oppgradering av driftsbygningar til å stetta nye lovkrav. I dette ligg også å kartleggja interessa for fellesdrifter og leige av jord og vera ein pådrivar i arbeidet med gjennomføring.
Grunngjeving	Mjølkeproduksjonen på storfe i Ulvik herad er under press. Nye reglar for driftsbygningar frå 2024 og krav om lausdrift frå 2034, gjer at ingen av dagens 7 driftsbygningar med mjølkeproduksjon oppfyller framtidas krav. Ulvik herad skal i lag med Tine, gjennomføra eit prosjekt for å auka kunnskapen om nye krav til driftsbygningar, informera om moglege tilskotsordningar, gje økonomisk rådgjeving for ulike utbyggingsløysingar og vera katalysator for moglege samarbeidsformer mellom føretaka. Innovasjon Norge har no tilskotsordningar for oppgradering/nybygging av driftsbygningar for mjølkeproduksjon.
Mål	Sikra at mjølkeproduksjonen i Ulvik vert minst på same nivå som i dag.
Truleg kostnad	> 100 000 < 1 mill.

5.7.10. Betre bustadstrategi

TILTAK 10	Gjennomføra to tiltak henta frå bustadstrategisk plan: Tidsavgrensa husleigeavtalar i kommunale bustader og krevja leige basert på den faktiske marknadsprisen for utleigeeiningar i Ulvik. Gå i dialog med Husbanken og private aktørar/utbyggjarar for å finna ordningar som vil gje fleire gjennomgangs-bustader i Ulvik.
Grunngjeving	Gjennomføra handling og tiltak som er identifisert i Bustadstrategisk plan (2012). SWOT-analysen peikar på manglande gjennomgangsbustad for familiar og manglande oversyn og tilgang på attraktive tomter til bustad.
Mål	Sikra betre tilgang på gjennomgangsbustader. Søkja auka tilgangen på tilgjengelege bustadeiningar gjennom prisauke.
Truleg kostnad	> 100 000 < 1 mill.

5.7.11 Opningstider barnehage / SFO

TILTAK 11	Avklara kva opningstider i barnehage og SFO som passar med avreise/retur for pendlarar. Vurdera om/ korleis dette kan løysast og fremja forslag om endringar med aktuelle praktiske og økonomiske konsekvensar.
Grunngjeving	SWOT syner at kommunale tenester er lite tilpassa pendlarar. 36 % av dei yrkesaktive i Ulvik pendlar ut or kommunen.
Mål	Forenkla kvardagen for pendlarane. Gjera Ulvik attraktiv for potensielle innbyggjarar.
Truleg kostnad	Kan medføra auka årlege kostnader. Eitt årsverk kostar om lag 800 000 NOK.

5.7.12. www.Ulvik.no

TILTAK 12	Ulvik som reisemål med alle aktivitetstilbud skal marknadsførast betre på internett. Ein må i større grad søkja forpliktande samarbeid med regionale aktørar.
Grunngjeving	Ulvik har i dag marknadsføring gjennom fleire kanalar og framstår som ufullstendig og fragmentert. Oppdatering av heimesider og oppfølging i sosiale media er krevjande og krev ressursar som er allokert for dette arbeidet.
Mål	Sikra at rett, oppdatert og fullstendig kunnskap om Ulvik og tilbod i Ulvik alltid er tilgjengeleg for publikum.
Truleg kostnad	Inngå i dagens tilskot til Ulvik næringslag.

5.7.13. Samfunnsutviklarfunksjon

TILTAK 13	Oppretta ein samfunnsutviklarfunksjon med arbeidsfelt innan utvikling av Ulvik som attraktiv bukommune, lokalt og regionalt utviklingsarbeid, ansvarleg for utføring av tiltak i SNU-plan, m.m.
Grunngjeving	SWOT-analysa peikar på behov for å jobba aktivt med folketalsutvikling gjennom tilflytting, opretthalding og utvikling av gode bukommune-kvalitetar, sentrumsutvikling, regionalt samarbeid, m.m.
Mål	Sikra at Ulvik får ei god utvikling gjennom auke i folketal, sentrumsutvikling og arbeid med bukommunekvalitetar.
Truleg kostnad	Årleg kostnad 750 000.

5.7.14. Overordna strategi for reiselivet

TILTAK 14	Utarbeida ein overordna strategi for reiselivet i Ulvik. Ein må involvera lokale og regionale aktørar og fagmiljø i dette arbeidet. Det er mogleg at ein kan utfordra ein masterstudent på dette.
Grunngjeving	Ulvik har ingen overordna plan for utvikling av reiselivet Ulvik har på mange område avgrensa ressursar og vil vera avhengig av samarbeid lokalt og regionalt for å få vekst og utvikling i reiselivet. Avklara spørsmål kring satsing på Cruise.
Mål	Leggja ambisjonsnivå for utviklinga Sikra sams profil og marknadsføring Planleggja sesongutvikling Utvikla og tilpassa tilgjenge og kommunikasjonar Samordna produktutvikling Samordna aktørar (kultur, landbruk, næringsliv, eksterne) Profesjonalisera aktørar
Truleg kostnad	> 300 000 NOK



5.7.15. Finse - kommunal medverknad

TILTAK 15	Aktivt delta i og støtta opp om Finse forum samt vera ein aktiv part i prosessen med utarbeiding av forvaltingsplan for Rallarvegen.
Grunngjeving	Store delar av Ulvik sine areal er høgfjellsområde av lokal og nasjonal verdi. Fjellområda har vore nytta til stølsdrift og jakt, og har vore avgjerande for utviklinga av Ulvik opp gjennom tidene. Sjølv om fjellområda i dag vert nytta som friluftsområde for fastbuande og tilreisande, er stølsdrifta og jaktrettane av stor verdi for grunneigarane den dag i dag. Områda kring Finse gir heradet utfordringar med tanke på forvalting av naturverdiar, kulturhistorie og beredskap i høgjellet.
Mål	Sikra ei berekraftig utvikling på Finse og områda rundt. Halda oppe eit fritidssamfunn på Finse med naudsynt infrastruktur. Ha god beredskap i fjellet, og spesielt i Finseområdet leggja til rette for næringsdrivande på Finse.
Truleg kostnad	IK



5.7.16. Stirydding

TILTAK 16	Ulvik har gjennom fleire år hatt prosjektmidler for å rydda og merka stiar, og ein ynskjer å fortseja med denne aktiviteten.
Grunngjeving	Interessen rundt fotturisme er aukande i Noreg, og Ulvik har alle forutsetningar for å bli god innan dette segmentet.
Mål	Gjera Ulvik til ein av dei fremste reisemåla innan fotturisme.
Truleg kostnad	50 000 - 100 000

5.7.17. Kulturprosjektet Tysso

TILTAK 17	Ulvik herad verdset private initiativ som fremjar kultur- og næringsutvikling. Ulvik herad er positiv til arbeidet med kulturprosjektet Tysso.
Grunngjeving	Aukande etterspurnad etter sentrumsnære opplevingar. Eit godt Cittaslow-prosjekt. Det er etablert interessegruppe for tiltaket.
Mål	Medverka til at kulturprosjektet Tysso vert realisert.
Truleg kostnad	Har løyvd kr 200 000 til tiltaket i 2019.

5.7.18. Klimatiltak i skogen

TILTAK 18	Sikra at planteplikt etter hogst vert oppfylt og at det vert stimulert til ungskogpleie. Utføra gjennomgang av alle skogeigedomar for å kartleggja at planteplikt er oppfylt og område med behov for ungskogpleie. Etablera rutinar som sikrar planteplikt og legg til rette for ungskogpleie.
Grunngjeving	Planting av skog er fremja som eit viktig klimatiltak for å binda CO ₂ . Det er store areal i Ulvik herad der manglande ungskogpleie og manglande planting etter hogst, gjer at potensiale for skogproduksjon og såleis binding av CO ₂ , ikkje er utnytta på ein optimal måte. Skoglova pålegg skogeigarane planteplikt etter hogst.
Mål	Sikra at mogelege og lovpålagde klimatiltak i skogen vert gjennomført.
Truleg kostnad	< 100 000



5.8. TILTAK - DETALJERT SKILDNING AV UPRIORITERTE TILTAK

(IKKJE PRIORITERT REKKJEFØLGE)

5.8.1 Opningstider kommunal administrasjon

TILTAK 1	Sikra publikum optimal tilgang til administrasjonen. Dette må gjerast ved å ta ein gjennomgang av opningstidene på tenestetorget, vegd opp å nytta automatiserte tenester. Gjennomgangen skal leggjast fram som sak med forslag til tiltak og med fylgjande økonomiske og praktiske konsekvensar.
Grunngjeving	Tilgangen til administrasjonen er i hovudsak avgrensa til opningstidene til tenestetorget. For nokon kan det vera vanskeleg å finna fram på heimesidene. Ikkje alle innbyggjarane er fortrulege med å finna fram på nettet.
Mål	Sikra optimal kommunikasjon mellom innbyggjarar og administrasjon.
Truleg kostnad	Kan medføra auka årlege kostnader. > 200 000



5.8.2 Friluftsbarnehage

TILTAK 2	Vurdera etablering av friluftsbarnehage i Ulvik. Gjennomgangen skal leggjast fram som sak med forslag til tiltak og med fylgjande økonomiske og praktiske konsekvensar.
Grunngjeving	Friluftsbarnehage vil vera eit alternativ til det tradisjonelle tilbodet. Skil Ulvik marknadsføra seg som bustadplass må ein vera trygg på at ein også kan tilby barnehageplass til nye innbyggjarar. Ulvik barnehage har lite ledig plass og avgrensa moglegheiter til utviding. Ein friluftsbarnehage er eit attraktivt tilbod til småbarnforeldre. Ny barnehage vil vera eit tungt løft for ein pressa kommuneøkonomi.
Mål	Sikra barnehageplass til alle
Truleg kostnad	Vil medføra oppstartskostnader til utstyr og kursing for personell, samt noko bygningsmessige tiltak. 400 000 – 700 000 Nok

5.8.3 Turistskatt

TILTAK 3	Vurdera innføring av turistskatt, gjerne gjennom regionale samarbeid, der ein ser på både storleik, metode for innkrevjing, lovheimel og skatteobjekt.
Grunngjeving	Utvikling, vedlikehald, drift av tilbod, tenester, attraksjonar har ein kostnadsside som i dag, og vert betalt av det offentlege og/eller gjennom dugnadsarbeid. Auka (turist-) pågang vil medføra slitasje utan meir tilførsle av kapital/arbeid.
Mål	Sikra at alle tilbod og attraksjonar som vert nytta av turistar kan utviklast og vedlikehaldast gjennom betalingsordningar.
Truleg kostnad	< 200 000

6. VEDLEGG

6.1. GENERELT

I dette kapitlet har vi samla informasjon der vi berre har tatt utdrag eller konklusjonar med i hovuddelen av rapporten. Lesarar som ynskjer meir utdjuping og detaljer kan søkja dette her.

Utdanningsnivå i kommunane

Variablar i filter
statistikkvariabel

År		2000	2005	2010	2015	2016	2017
Utdanningsnivå	Geografi						
GRUNNSKOLENIVÅ	Ulvik	310	251	250	204	214	221
	Ullensvang	784	705	618	610	591	586
	Eidfjord	279	268	228	206	201	195
	Granvin	254	222	188	148	159	155
	Jondal	264	216	217	189	188	180

VIDEREGÅENDESKOLE-NIVÅ	Ulvik	479	463	454	456	426	400
	Ullensvang	1694	1576	1526	1495	1401	1385
	Eidfjord	378	352	401	385	360	363
	Granvin	456	434	447	444	419	420
	Jondal	505	473	459	508	472	472

FAGSKULENIVÅ	Ulvik	-	-	-	-	30	33
	Odda	-	-	-	-	148	150
	Ullensvang	-	-	-	-	84	80
	Eidfjord	-	-	-	-	21	22
	Granvin	-	-	-	-	29	28
	Jondal	-	-	-	-	35	34

UNIVERSITETS- OG HØGSKOLENIVÅ KORT	Ulvik	138	150	163	200	196	209
	Ullensvang	353	443	497	553	575	579
	Eidfjord	104	104	126	156	164	170
	Granvin	108	132	135	161	163	160
	Jondal	134	154	167	189	192	193

UNIVERSITETS- OG HØGSKOLENIVÅ LANG	Ulvik	35	36	44	56	67	58
	Ullensvang	65	64	101	132	127	133
	Eidfjord	14	16	26	33	36	31
	Granvin	14	12	17	24	22	23
	Jondal	10	10	18	28	31	31

UOPPGITT ELLER INGEN FULLFØRT UTDANNING	Ulvik	6	14	20	5	5	6
	Ullensvang	14	25	32	11	8	12
	Eidfjord	0	4	19	2	2	3
	Granvin	0	4	7	1	1	0
	Jondal	0	0	2	2	1	1

6.2. LANDBRUKET I TALL

06462: Jordbruksareal (dekar)			08646: Jordbruksbedrifter		
1233 Ulvik	Jordbruksareal		1233 Ulvik	Jordbruksbedrifter	
	2012	2017		2012	2017
Jordbruksareal i drift	6816	6739	Jordbruksareal i alt	60	56
Fulldyrka jord	3728	3515	Fulldyrka jord	60	55
Åker og hage	713	600	Åker og hage	37	27
Potet	12	3	Potet	7	3
Grønsaker på friland	14		Grønfor- og silovekstar	0	0
Eng til slått og beite	6103	6139	Grønsaker på friland	3	
Fulldyrka eng	3015	2915	Eng til slått og beite	47	42
Anna eng og beite	3088	3224	Fulldyrka eng	47	41
			Anna eng og beite	43	42

6.2.1. Informasjon (2018 tall) innhenta frå Landbrukskontoret i Ulvik Herad.

Oversyn Storfe

Antall bruk som mottek tilskot	11
Totalt antal dekar	1921
Antall Bruk < 35 dekar	0
Antall Bruk > 35 < 55	0
Antall bruk > 55	11
Totalt antall mjølkekyr	111
Totalt antal andre storfe	205

7 stk. bruk med mjølkeproduksjon på storfe. Ingen av føretaka har i dag lausdriftsfjøs, som vil være et krav fra og med 2034. Frå og med 2024 er det krav om kalvings- og sykebinge.

Arealstatistikk fordelt mellom storfe og småfe er ikkje eksakt, da det er fleire føretak som har både storfe og sau. I dei tilfella er arealet på den av produksjonane som har størst omfang.

Oversyn Småfe

Antall bruk som mottek tilskot	37
Totalt antal dekar	4075
Antall Bruk < 35 dekar	2
Antall Bruk > 35 < 55	0
Antall bruk > 55	35
Totalt antall Vinterfora	2594

Oversyn Fukt og bær

Antall bruk som mottek tilskot	23
Totalt antal dekar	501
Antall Bruk < 35 dekar	19
Antall Bruk > 35 < 55	4
Antall bruk > 55	0

Oversyn Skogbruk

Antall landbruks-eigedommar med produktiv skog	135
Totalt antal dekar prod. skog	53222
Antall Bruk < 100 dekar	40
Antall bruk > 100 < 500	69
Antall bruk > 500	26
Uttak 2017 kbm.	1445
Uttak 2018 kbm.	419
Nyplanting 2018 antall planter	7700

Størrelsen på skogsareal pr. bruk, er basert på tall frå gårdskart. Totalareal er her på 44176 dekar. Differansen skyldast i stor grad feil på servituttgrense for skog i øvre del av skogarealet.

6.2.2. Informasjon innhenta frå Hardanger Fjordfrukt

Alle tall er i kilo (legg inn i tabell) -


Fjordfrukt - Fruktomsetnad Ulvik							
	Moreller	Eple	Plommer	Pære	Bær	Sum	Tal produsentar
2012	28 999	2 609 164	134 538	31 212	33 689	2 837 602	21
2013	109 223	1 047 132	153 020	1 991	11 921	1 323 287	21
2017	272 070	2 252 589	302 143	3 533	39 479	2 869 814	19
2018	203 645	2 612 441	348 467	65 820	62 032	3 292 405	20

6.3. TALL OM REISELIVET


6.3.1. Besøkstelling turistkontoret - Fordeling på nasjonalitetar.

Men me ser at talet på besøkande frå Europa ligg jamt. Dette er ei gruppe som over fleire sesongar har vist at dei finn vegen til Ulvik i større grad som enkelt turistar/ små grupper/familiar. Over halvparten av dei besøkande er frå Skandinavia, resten fordeler seg på Europa og Amerika. I tillegg er det mange bussturistar frå Kina som ikkje er registrert i turistkontoret si teljing.

Nasjonaliteter 2018



Nasjonaliteter 2017



6.4. ULVIK HERAD - EKSISTERANDE PLANAR

6.4.1. Generelt

Ulvik herad har godt utarbeidde planar for dei fleste område og som er tilgjengeleg på <https://www.ulvik.kommune.no/planar/>.

I arbeidet med SNU har vi også henta informasjon frå eksisterande planar.

6.4.2. Økonomiplan 2019 - 2022 og årsbudsjett 2019

Den ligg på: <https://www.ulvik.kommune.no/planar/kommuneplan/>

6.4.3. Kommuneplanen samfunnsdel

Den ligg på: <https://www.ulvik.kommune.no/handlers/th.ashx?FillId=1106>

Vart vedteken i 2009 (areal 2016) og varer ut 2020. Planen er no under revidering.

6.4.4. Kommunedel plan for vatn, avløp og miljø.

Den ligg på: <https://www.ulvik.kommune.no/handlers/th.ashx?FillId=12351>

Vart vedteken i 2016 og varer ut 2023.

6.4.5. Energi og miljøplan

Den ligg på: <https://www.ulvik.kommune.no/handlers/fh.ashx?FilId=1132>
Planen vart vedteken i 2016 og varer ut 2020.

6.4.6. Trafikksikringsplan

Den ligg på: <https://www.ulvik.kommune.no/handlers/fh.ashx?FilId=12576>
Ute på høyring og vert vedteken i 2019.

6.4.7. Stadanalyse

Den ligg på: <https://www.ulvik.kommune.no/handlers/fh.ashx?FilId=1842>
Vart vedteken i 2013, men lite er gjennomført Vi hentar utvalde tiltak herifrå.

6.4.8. Bustadsstrategisk plan

Den ligg på: <https://www.ulvik.kommune.no/handlers/fh.ashx?FilId=1747>
Vart vedteken i 2013.

6.4.9. Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Den er ikkje direkte lesbar, men kan lastast ned frå: <https://www.ulvik.kommune.no/planar/andre-planar/>
Vart vedteken i 2006 og er no under revidering skal vedtakast haust 2019.

